



SANDE KOMMUNE
RÅDMANNEN
6084 Larsnes
Tlf. 70 02 67 00 Fax 70 02 67 01
sande.kommune@sande-mr.kommune.no
www.sande-mr.kommune.no

Forskrift om ordensreglement for grunnskulen i Sande

Tilgang: Sande sine websider, skulane sine websider
Godkjent av: Helse og oppvekstutvalet, sak HO-11/19
Godkjenningsdato: 27. mars 2019
Reviderast dato:

A. INNLEIING

1. Heimel:

Med heimel i Opplæringslova §9A-10 har Sande kommune v/Helse- og oppvekstutvalet fastsett *Forskrift om ordensreglement for grunnskulen i Sande* gjeldande for alle skulane i Sande kommune.

2. Formål:

Ordensreglementet ved skulen skal ivareta rettane og pliktene til den einskilde eleven. Reglementet skal vere med å skape trygge rammer i læringsmiljøet, og er eit viktig element i utviklinga av eleven sin sosiale dugleik. Reglementet skal vere med å bygge positive relasjonar mellom elevane og mellom elevane og lærarane.

Læring, tryggleik, trivsel, respekt, ansvar, omsorg og toleranse er sentrale oppgåver for opplæringa i Sande og landet elles. For å fremje desse verdiane, og for å oppnå eit godt og trygt læringsmiljø for elevane, er det viktig å skape klare og kjende rammer for skulekvardagen. Ordensreglementet skal gjere kjent kva som er skulen/kommunen sitt syn på akseptabel åtferd, og vere eit grunnlag for å handtere uakseptabel åtferd.

Dette vil gje elevane dei beste føresetnadene for læring, personleg utvikling og samhandling i skulekvardagen.

3. Verkeområde:

Den einskilde skule v/SU kan utarbeide lokalt ordensreglement tilpassa dei lokale forholda. Det lokale reglementet er underlagt denne forskrifta, og skal samla sett omfatte dei same moment og føringar som denne.

Ordensreglementet inneheld:

- reglar for åtferd
- reglar for tiltak ved brot på ordensreglementet
- reglar for handsaming av brot på ordensreglementet

Ordensreglementet gjeld når skulen har ansvaret for elevane. Skulen har ansvar for elevane heile undervisningstida enten det er på skulen, dvs. undervisningslokala, fellesrom, uteareal eller når skulen har undervisning på andre stader enn på skuleområdet.



Ordensreglementet gjeld også det digitale rommet til skulen. Bruk av mobiltelefon kan regulerast av det lokale ordensreglementet på den einstilte skulen. Ordensreglementet gjeld også på skulevegen. Eventuelle tiltak har som føresetnad at skulen vert gjort kjend med brot på reglane.

4. Informasjon om ordensreglementet:

Ordensreglementet skal gjerast kjent for elevar, føresette og tilsette, og vere tilgjengeleg på nettsidene til kommunen og den einstilte skule. Skulane skal ha faste rutiner for korleis reglementet skal gjerast kjent, og korleis det aktivt skal takast opp med elevane kvart år. Dette skal sikre at reglementet vert lese og forstått av alle.

B. REGLAR OG SANKSJONAR

5. Generell orden og åtferd:

Skulane i Sande skal gje elevane dei beste føresetnadene for læring og utvikling. Difor er det viktig å skape eit godt arbeidsmiljø for elevar og tilsette. Alle skal følgje vanlege lover og reglar i samfunnet, herunder vanleg folkeskikk.

Det er god orden og åtferd å:

- vise omsyn og respekt for andre
- halde arbeidsro i timane og vise god arbeidsinnsats
- møte presis til timar og avtalar
- ha med bøker og nødvendig utstyr til timane
- gjere skularbeidet til avtalt tid
- halde skuleområdet reint og ryddig
- ta godt vare på alt som høyrer skulen til – ute og inne
- ikkje krenkje andre fysisk, verbalt eller digitalt (mobbing, diskriminering, rasisme, vald)
- vise respekt for ulike religionar, livssyn og seksuell orientering
- ikkje bruke eller ha med rusmiddel som alkohol, narkotika, tobakk/snus og e-sigarettar
- ikkje ha med farlege gjenstandar eller våpen
- ikkje fuske eller prøve å fuske
- vere på skulen og delta i undervisninga heile skuledagen
- bruke mobiltelefon eller andre elektroniske gjenstandar berre etter avtale med lærar

6. Tiltak ved brot på ordensreglane - sanksjonar:

Elevane og dei føresette må vere kjende med konsekvensane av regelbrot. Alle sanksjonar skal vere slik at elevane skjønar kva reglar dei har brote, og kvifor skulen må reagere. Før det vert teke avgjerd om tiltak, har eleven rett til å forklare seg munnleg for den som skal ta avgjerda.



Skulane i Sande kan nytte følgjande sanksjonar:

- pålegg om oppgåver for å rette opp skadar som eleven har påført skulens eigeidom, evt. ved utviding av skuledagen
- munnleg eller skriftleg åtvaring frå lærar
- munnleg eller skriftleg åtvaring frå rektor
- bortvising frå undervisning. Rektor avgjer etter å ha rådført seg med lærarane til eleven, og fattar einskildvedtak i i saka (sjå §9a-11). Føresette skal straks varslast om bortvisinga.
 - på 1. – 7. trinn kan eleven visast bort for einskildtimar eller resten av dagen
 - på 8. – 10. trinn kan eleven visast bort i inntil 3 dagar
- tidsavgrensa inndraging av ulovlege eller forstyrrande gjenstandar
- korrigering av åtferd og midlertidig inndraging av rettar
- nedsett ordens- og/eller åtferdskarakter dersom eleven utfører særleg grove eller gjentekne brot på ordensreglementet.

Sanksjonane skal stå i rimeleg forhold til brotet på ordensreglementet. Dette gjeld både for tiltak i fellesreglementet og i evt. lokale reglement. Elevens alder og føresetnad for å forstå eigne handlingar skal telje med når sanksjonar vert vurderte.

Kollektiv avstraffing skal ikkje nyttast for handlingar utført av den einskilde medlem i gruppa.

Ved påført skade gjeld vanlege erstatningsrettslege reglar. Straffbare forhold som skjer på skuleområdet, skal meldast til politiet av rektor og ordførar i kommunen.

C. SAKSHANDSAMING

6. Generelt:

Den einskilde skulen har ansvaret for at reglementet er kjent for elevane, føresette og tilsette – jfr. pkt A-4. Handsaming av brot på ordensreglementet fylgjer reglane i Opplæringslova, Forvaltningslova og dei vanlege reglane for god forvaltningsskikk. Føresette har klagerett der sanksjonane medfører einskildvedtak.